


## Organisasjonsprosess Vinje helse og meistring. Informasjonsbrev 6

Hei alle!

Kommunestyret har no fatta vedtak om ny organisasjonsstruktur for Helse og meistring. Det nye organisasjonskartet ser slik ut:



Det viktige her er at Helse og meistring blir delt opp i 4 verksemdar, som kvar skal ha ein verksemdsleiar. Vi har fått ei ramme å jobbe ut frå. I tida framover vil vi sjå meir på dei enkelte fagområda, vurdere om det er behov for å gjere endringar i høve til leiarressurs eller anna på avdelings-/faggruppenivå, korleis oppgåver og ansvar bør fordelast osv. Dette er arbeid som vil gå over tid. Det er viktig at vi gjer ein grundig jobb her slik at vi får ein organisasjon som er betre tilpassa dagens behov.

Aktuelt no er at vi startar arbeidet med å førebu lysing av dei nye verksemdsleiarstillingane no og kjem til å lyse dei ut no i vår. Elles blir det gjennomført omstillingsamtaler med tilsette som blir direkte berørte av endringane no i april/mai.

Mvh Kari